



PLANSTRATEGI 2020 -2023
OG
PLANPROGRAM FOR
KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL
2020 – 2032





Forord

Surnadal kommune samarbeider med dei andre nordmørskommunane, fylkesmannen og fylkeskommunen om å forbetre samfunnsplanlegginga. Det er eit overordna mål at kommunestyret skal vedta sin strategi for kommunen si utvikling før budsjett og økonomiplan for 2021 blir behandla. Det betyr at kommunestyret må vedta forslag til ny kommuneplan før sommaren 2020, slik at det kan gjennomførast ein høyringsprosess fram mot vedtak i september 2020.

Før vi kan utarbeide planforslaget, må kommunestyret (slik det er bestemt i plan- og bygningsloven) vedta planstrategi for kommunestyreperioden og planprogram for arbeidet med ny kommuneplan. Dette dokumentet er eit felles dokument for kommunal planstrategi og planprogram for samfunnsdelen.

Planstrategien er utgjert ein felles nordmørssdel utarbeidd i regi av regionrådet (kapittel 1 – 3), og ein kommunedel for Surnadal.

Surnadal april 2020

Knut Haugen

kommunedirektør



Innhald

1	Rammer for planlegginga.....	4
2	Utfordringar for Nordmøre	6
2.1	Globale megatrender påverker oss	6
2.2	Utviklingstekk og utfordringar.....	7
3	Framtidsbilder.....	13
4	Plansystem i Surnadal kommune.....	13
5	Utviklingstrekk og utfordringar i Surnadal kommune.....	15
6	Kommunal planstrategi.....	17
7	Planprogram for kommunen sin samfunnsdel	22
7.1	Tema og utgreiingsbehov	22
7.2	Planprosessen med fristar og deltakarar	23
7.3	Medverknad	24
8	Vedlegg	25



1 Rammer for planlegginga

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og bør:

"..omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden."

På bakgrunn av denne drøftinga skal ein klargjere kva for planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre i perioden 2020-2023.

Kommunal planstrategi skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre.

Kommuneplanens samfunnsdel er heimla i same lov §§ 11-1 og 11-2. Her heiter at planen skal:

*"...ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og for kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen."
"...skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp....økonomiplanen etter kommuneloven § 14-2 bokstave a kan inngå i eller utgjøre handlingsdelen."*

Samfunnsdelen skal ha eit planprogram som i følge plan- og bygningslova § 4-1,2. ledd skal innehalde: *"Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert, og behovet for utredninger"*.

Nasjonale forventingar til kommunal planlegging


Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Her blir det lagt føringar for kva tema som skal vektleggast i den kommunale planlegginga. Desse omhandlar:

- Planlegging som verktøy for heilheitleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Norge. Kommunestyret i Surnadal kommune vedtok 05.02.20 at bærekraftmåla skal ligge til grunn i saksbehandlinga. Kommunen vil i samarbeid med fylkeskommunen og resten av kommunane i fylket finne fram til gode indikatorar for berekraft.



Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt.





Kommunane Aure, Averøy, Gjemnes, Kristiansund, Smøla, Sunndal, Surnadal, og Tingvoll deltek i eit plansamarbeid i regi av regionrådet i perioden 2019-2022.

Målet er å styrke samfunnsutviklinga på Nordmøre, bygge kompetansemiljø innan planlegging på tvers av kommunane og at vi skal ha eit auka regionalt fokus i den kommunale planlegginga. Det er også eit behov for innovasjon innan fagområdet.

Felles planstrategi er eit ledd i dette arbeidet. Kommunane har samordna seg i arbeidet med planstrategien. Det ble i tidleg fase utført eit administrativt arbeid med å peike på felles utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre.

Kapittel 1-3 i planstrategien er felles for kommunane.

Kvar enkelt kommune vil fylle inn eige materiale og fremme planstrategien for politisk behandling i den enkelte kommune.

2 Utfordringar for Nordmøre

2.1 Globale megatrender påverker oss

Tunge megatrender endrar verden, Norge og Nordmøre.

Digitalisering

Det meste av framtidig effektivisering, utvikling og verdiskaping vil basere seg på digital teknologi. Digitalisering er utan tvil den trenden som i størst grad ser ut til å påverke arbeidslivet i regionen, og behovet for teknologikompetanse går igjen på tvers av bransjar og verdikjede. Kompetanse til å nytte teknologien avgjer kva effektane blir.

Globalisering

Globalisering er ei samlenemning for ei rekke drivkrefter. Politisk styring, nasjonal økonomi og rettsordning blir påverka av krefter utanfor nasjonalstaten, og inneberer stadig nye rammevilkår for kommunane. Når det gjeld næringsliv inneberer globalisering ein aukande grad av samhandling, integrasjon og avhengigheit i handel. Eksportindustrien på Nordmøre har lang erfaring med globale marknader, for eksempel eksport av klippfisk og laks, olje og møblar.

Klima

Global oppvarming er den største miljøutfordringa verden står ovafor. Som alle land er Norge forplikta til å kutte i utslipp av klimapåverkannde gassar gjennom global klimaavtale. Kvart land skal ha konkrete utslippsmål og rapportere på dei. Nordmøre må ta sin del av dei nasjonale forpliktingane og førebu seg på ein meir offensiv nasjonal klimapolitikk for å hindre vidareutvikling av alvorlege klimaendringar. Å redusere utsleppa krev lokal innsats frå både innbyggjarar og lokalsamfunn – og kommunane si drift må omstillast til meir klimavennleg atferd mot eit lågutsleppssamfunn. Global oppvarming er allereie i ferd med å skje. Dette medfører ustabilt klima på



fleire måtar. Meir intens nedbør kan gi auka fare for flom og skred. Langs kysten kan vi få auka risiko for orkan og stormflo, og på sikt havnivåstiging. Dette kan få store konsekvensar både for næringslivet og ulike samfunn langs kyst og vassdrag.

Urbanisering

Proessen kor menneske flyttar frå distrikta til byar blir kalla urbanisering. Urbanisering er ein nasjonal og internasjonal trend, og ein stadig større del av verdens befolkning bur i byar. I dag bur over halvparten av jordas befolkning i byar, og innan 2050 er det venta at meir enn 3 milliardar menneske vil flytte til byar, ifølge FN-sambandet. Å oppretthalde et desentralisert busettingsmønster krev at fleire blir buande eller flyttar til distrikta. For Møre og Romsdal er urbaniseringa ei utfordring fordi ein ser at unge menneske flyttar ut av fylket til større byer.

Koronapandemien

Med koronapandemien opnar fleire scenarier seg som ein ikkje utan vidare kan sjå tydeleg for seg. Kanskje er strategisk samfunnsplanlegging enda viktigare i ein slik situasjon, men med større opning for endringar som må skje i trådd med stadig ny kunnskap. Mellom anna blir beredskapsplan og smittevernplanar plutsleg svært aktuelle og må sjåast i nytt lys. Framskrivingar av statistiske trender blir også vesentleg meir usikre og må revurderast i lys av situasjonen. Det er truleg at alle kommunar må gjere nye vurderingar av berekraftig økonomi og berekraftig samfunn som følge av pandemien vi opplever no.

2.2 Utviklingstekk og utfordringar

Kommunane har i fellesskap skissert sentrale utviklingstrekk og utfordringar for Nordmøre.

Demografi


Befolkningsutvikling er ein viktig indikator for regional og lokal utvikling. Befolkningsutvikling og samansettinga av ulike aldersgrupper blant innbyggjarane i ein kommune styrer behovet for kommunale tenester.

I perioden 2009 til 2019 har det vore ein befolkningsvekst på 7,6 prosent for fylket. Det er store geografiske variasjonar på kor denne veksten har vore.



Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2009–2019

Kjelde: SSB



På Nordmøre er det kommunane i ytre strøk som har hatt mest vekst. Den siste tida har veksten vore svakare, og det er berre Smøla av kommunane på Nordmøre som har hatt ein vekst i innbyggartalet i 2019.

Det er usikkert korleis folketalet og alderssamansettinga i befolkninga vil utvikle seg over tid. Spesielt knyter usikkerheita seg til nivået på innvandring, men også fruktbarheit, levealder og flytting innad i Norge. Vidare kan utflyttinga frå kommunane bli ganske annleis enn føresett.

Drivaren for befolkningsveksten i Møre og Romsdal er og har vore innvandringa. Framskrivinga fram mot 2030 gir oss ein prognose på korleis befolkningsutviklinga kan bli. Framskrivinga for kommunane på Nordmøre viser at talet på barn og unge går ned, mens del eldre vil auke fram mot 2030. Del av befolkninga i aldersgruppa over 67 år vil auke til 21,1 prosent i fylket, og det blir dermed forholdsvis færre innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Denne utviklinga utfordrar kommunane, som må tilpasse tenestetilbodet for å imøtekomme denne utviklinga.

Vi mister innbyggjarar til andre deler av landet, og det er i aldersgruppa 20-29 år ein finn den største innanlandske netto flyttestraumen. Fylket har lenge hatt eit kvinneunderskot. Fødselstala er i likheit med resten av landet, og internasjonalt, historisk lave. I kombinasjon med fråflytting av unge vaksne gir det ei sårbar befolkningsutvikling.

Næring og sysselsetting

Næringsstruktur

Næringsstrukturen i kommunane på Nordmøre er noe ulik. Enkelte næringar er til stades i alle



kommunane, mens andre har tydelege geografiske tyngdepunkt. Varehandel finn ein for eksempel i alle kommunane, det same gjeld landbruket. Næringar som petroleum og fiske og havbruk er meir geografisk sentrerte. Det er sterke industribedrifter i fleire bransjar i regionen.

Næringsstruktur



Totalt var det 24 880 sysselsette pr. 4 kvartal 2018 i dei åtte kommunane som deltek i plansamarbeidet. Kommunane har hatt noko ulik utvikling i den samla sysselsettinga i perioden 2014-2018. Kristiansund og Averøy har hatt ein nedgang, mens dei andre kommunane har hatt ein vekst på mellom 2,9 og 11,2 prosent.


Delen sysselsette innan jordbruk, skogbruk og fiske utgjer 4 prosent av dei sysselsette i fylket, mot 2,2 prosent på landsbasis. Kommunane på Nordmøre har samla sett mange sysselsette innan desse primærnæringane, da ca. ein tredjedel av dei som er sysselsett innan desse næringane i fylket tilhøyrer Nordmøre. Vi er strategisk plassert på kysten og bør derfor ha ein ambisjon om å vere leiande innafør havbruk.

Arbeidsplassdekning


Det er relativt mykje arbeidspendling i fylket, noko som indikerer høg utveksling av arbeidskraft mellom kommunane. På Nordmøre er det noko ulik arbeidsplassdekning i kommunane. Surnadal, Sunndal, Smøla har høg arbeidsplassdekning, altså fleire arbeidsplassar enn sysselsette busett i kommunen. Kommunane som har høg arbeidsplassdekning opplever mykje innpendling av arbeidstakarar frå nabokommunane.



Arbeidsplassdekning 2018



Møre og Romsdal 96 prosent



Den demografiske utviklinga i regionen vil kunne gjere det utfordrande å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft framover. Tilgang til kompetanse som fyller næringslivets behov er viktig for regional konkurransekraft og evne til nyskaping.

Statlege arbeidsplasser

Kristiansundsregionen har ein relativt låg del av dei statlege arbeidsplassane i fylket, noko som er ei utfordring for oss.

Tabellen viser fordelinga av statlege arbeidsplassar per 1.1.2019, inndelt etter region.

Regionane	Antall	Del av dei statlige	Utvikling 2018
Kristiansund-reg.	1.581	14%	+ 57
Molde-reg.	3.278	31%	+ 11
Ålesund-reg.	4.495	42%	+ 78
Søre Sunnmøre reg.	1.367	13%	+ 17
	10.721	100%	+ 163



Det er behov for ein samla innsats for å få fleire statlege arbeidsplassar til Nordmøre. Når sjukehuset i Kristiansund blir lagt ned, vil regionen tape fleire hundre statlege arbeidsplassar, og trenden vil da bli forsterka ytterlegare. Bortfall av arbeidsplassar kan føre til ei mindre breidde i arbeidsmarknaden.

Nyetableringar

Det var ein sterk vekst i talet på nyetableringar i fylket i 2018, ei auke på 9,5 prosent frå året før. Heile 43,3 av dei nye føretaka blei etablert i byane Ålesund, Molde og Kristiansund. På Nordmøre blei det etablert flest nye føretak i Sunndal. Det er eit mål for kommunane på Nordmøre å vere ein framtidsretta region som legg til rette for næringsetablering og kompetansesarbeidsplassar.

Grønt skifte

Det er behov for omstilling til eit lågutsleppssamfunn. Olje- og gassindustrien vil vere viktig i fleire tiår framover, men bør supplerast av andre næringar. Gjennom ei felles satsing på innovasjon kan nye næringar vekse fram, og vi må aktivt søke nye mulegheiter. Utfordringane knytt til klima og miljø opnar mulegheita for utvikling av sysselsettinga innan alternative, miljøvennlige energikjelder. Aktivt arbeid med å utvikle grønne kompetansesarbeidsplassar, blir viktig for regionen framover. Samtidig er det viktig å støtte opp om og vidareutvikle eksisterande kompetanse- og næringsmiljø. Hav og fjord er ein av regionens viktigaste naturressursar, og er grunnlaget for viktige deler av næringslivet. Derfor er det utarbeidd ein interkommunal plan for sjøområda på Nordmøre (2018), for langsiktig berekraftig utnytting av desse områda. Det ligg eit stort ansvar og utfordringar i å beskytte og bevare desse ressursane for skadeleg påverknad både på kort og lengre sikt.

Kompetanse og utdanning

Utdanningsnivået i Møre og Romsdal har auke dei siste åra, men det er stor variasjon mellom kommunane. I kommunane på Nordmøre har mellom 19,2 og 26,9 prosent av befolkninga høgare utdanning. Dette er noko lågare enn både fylkessnittet (28,3 %) og landssnittet (34,1 %). Ei stor utfordring framover blir å tiltrekke seg menneske med kompetanse regionen har behov for. Å satse på vidareutvikling og styrking av utdanningstilbodet på Nordmøre er viktig i den samanheng, slik at ungdommen i regionen kan ta utdanning lokalt. I den samanheng er utviklinga av Campus Kristiansund sentralt. Ungdom frå kommunane på Nordmøre flyttar til Kristiansund for å ta vidaregåande skule, og tilbodet på Campus kan bety mykje for desse ungdomane i vidare utdanningsløp.

Lærlingplassar i kommunen er viktig med tanke på rekruttering, og for å halde på innbyggjarar i yrkesaktiv alder. Talet på godkjente lære- og opplæringskontraktar aukar, men det er framleis behov for fleire lærlingplassar.

Flyttestraumen som oppstår som følge av at unge menneske studerer på utdanningsinstitusjonar som ikkje er lokalisert i Møre og Romsdal, er ein av dei sterkaste drivarane for det store innanlandske flytteunderskotet i Møre og Romsdal i aldersgruppa 20 til 29 år. Av dei som var busett i Møre og Romsdal da dei var 16 år, var det i 2018 10 379 studentar som tar høgare utdanning utanfor fylket vårt. Ei utfordring for Nordmøre er å kunne tilby desse så attraktive arbeidsplassar og bumiljø at dei vel å vende tilbake etter ferdige studiar.

Attraktivitet og bulyst



Mulegheiter for arbeid, bustad, og gode oppvekstmiljø er viktig for val av bustad og påverkar befolkningssamansettinga i kommunane. Identitet og stoltheit over eigen bustad styrker tilhøyrigheita og omdømmet. Attraktive bustader er viktig for å kunne rekruttere nødvendig kompetanse og få grunderne til regionen. Å stoppe den svakt negative folketalsutviklinga og realisere SSBs vekstprognosar blir ei utfordring for regionen. Det er viktig å jobbe for å synleggjere Nordmøres kvaliteter som bu- og arbeidsmarknadsregion. I den samanheng er det sentralt å legge til rette for ulike typar bustader i ulike område i kommunane, med utgangspunkt i innbyggjarane sine ønske og behov.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er eit langsiktig og systematisk samfunnsutviklingsarbeid retta mot heile befolkinga. Nasjonale føringar gir kommunane eit ansvar i å fremme befolkingas helse og utjamne sosiale ulikheiter. Gode oppvekst- og levekår, helserelatert atferd, fysisk og sosialt miljø er viktig for helse, trivsel og livskvalitet. Ei oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane i kommunane, men også kunnskap om faktorar og utviklingstrekk som påverkar helsetilstanden skal inngå i utarbeidinga av planstrategien. Forutsetninga for å oppnå god helse er ulikt fordelt i befolkinga og blir sterkt påverka av samfunnet vi er ein del av. Ei oversikt over folkehelsa for Møre og Romsdal viser at dei viktigaste folkehelseutfordringane i fylket er kvardagsaktivitet, psykiske plagar og sosial ulikheit. Å betre folkehelsa krev innsats frå heile samfunnet.

Eit samla Nordmøre

Det er behov for ein heilheitleg revitalisert plattform med ny strategi for å utløyse potensialet i kommunane på Nordmøre og auke effektiviteten gjennom forpliktande samarbeid. Miljøvennleg og trygg infrastruktur i og gjennom kommunane på Nordmøre er viktig for å få gode bu- og arbeidsmarknadsregionar. Satsing på samferdsel er viktig for regionen for å knytte oss tettare saman. Tilgang på infrastruktur som breiband og god mobildekning er ein viktig føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling. Interkommunale samarbeid kan knytte regionen tettare saman. Dette krev samarbeidsvilje og rausheit.



3 Framtidsbilder

Prosjektet «Fremtidsanalyse for Nordmøre» blei gjennomført i regi av ORKidé - Nordmøre Regionråd i 2016. Eit viktig føremål med dette arbeidet var å beskrive nokre sannsynlege framtidsbilete (scenario) for regionen i eit lengre perspektiv, for å skissere utviklingsmulegheitene. Det blei skissert tre scenario for regionen:

Gullkysten 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre transformerte oljekompetansen og skapte eit næringsliv med utgangspunkt i denne kompetansen og teknologien og prosessindustrien i regionen. Nye samarbeid og relasjonar frå Søre Sunnmøre med verftsindustrien, og heilt til Trondheim med høgkompetansemiljø og NTNUs havforskningsverksemd, skapte ein «gullkyst» for utvikling av havrommet. Nordmøres strategiske plassering og kompetanse frå oljeservice, havbruk, undervassinstallasjonar og prosessindustri gjorde regionen til eit kunnskaps-nav på denne gullkysten. Kristiansund har utvikla ein urban og internasjonal kultur med eit kulturliv som heile nordmørsregionen aktivt nyttar seg av.

Vårsøg 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre blei klimanøytralt og fekk folketalsvekst etter satsing på grøn omstilling. Ein bygde vidare på Nordmøre som energiregion og skapte eit desentralisert energiforsyningssystem. For å oppnå klimanøytralitet var det viktig å omstille landbruket og i dag er alle gardar på Nordmøre økobruk. I staden for sentralisering i kristiansundsområdet, har det vekse fram ein mikrourbanitet med økobyar rundt tettstadane på Nordmøre. Desse økobyane utnyttar ressursgrunnlaget på staden. Økobyane produserer den energien dei sjølv bruker, og dei er sjølvforsynte med grønsakar og meieriprodukt frå lokale produsentar.

Helseeliksiren 2035

Dette er historia om korleis Nordmøre blei ein leiande helseregion i Norge. Drivkrafta i denne utviklinga var kommunane som omorganiserte heile helsetilbodet og blei ein pådrivar for innovasjon saman med privat og frivillig sektor. Da spesialiseringa i helsevesenet førte til omstillinga i den nasjonale organiseringa av helsevesenet, var Nordmøre posisjonert til å utvikle morgendagens helseløysingar bygd på prinsippet om å gi best muleg livskvalitet til innbyggjarane. Helse, kultur og teknologi kom saman og starta eit nytt næringseventyr på Nordmøre.

Nordmøre var tidleg på banen med lokal kompetanse på helseinnovasjon og velferdsteknologi. Regionen dro fordelar av det nye finansieringssystemet i helsesektoren, samtidig som satsinga ga grunnlag for ein stor kompetansevekst innan IKT og helse, og grobotn for ei rekke små og spesialiserte bedrifter på det same området. Dette bidro igjen til å løfte utdanningsnivået på Nordmøre, og ga grobotn for vekst og utvikling i andre sektorar.


4 Plansystem i Surnadal kommune



Kommunens oppgåver følger av kommunelova, plan- og bygningslova, øvrige lover og forskrifter, nasjonale og regionale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og iverksett gjennom planar som inngår i kommunens plansystem. Alle overordna planar blir vedteke av kommunestyret. Det skal vere konsistens i kommunens styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere eit resultat av dokument på eit høgare nivå.

Det kommunale plansystemet har ein hierarkisk struktur og består av tre nivå:

1. Strategisk nivå med vurdering av behov for planrevisjon (kommunal planstrategi) og kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.
2. Strategisk utdyping (ved behov) med kommunedelplanar, temaplanar og strategiar, og område- og detaljregulering.
3. Prioritering av tiltak gjennom kommuneplanens handlingsdel, handlingsprogram og økonomiplan.



For å sette mål for framtida må vi vite status i dag og sjå på utviklingstrekk i samfunnet, både lokalt, regionalt og sentralt. Å identifisere og evaluere suksessfaktorar i fortida vil vere viktig – kva er gjort riktig?



Kommuneplanen er den viktigaste lovpålagte planen i kommunen og er heimla i plan- og bygningslova §§ 11-1 til 11-18. Den er kommunen sin overordna strategidokument for å påverke utviklinga i lokalsamfunnet. Planen består av to delar:

1. Samfunnsdelen er hovudverktøyet for den heilheitlege planlegginga og beskriv konkrete satsingsområde og strategiar for samfunnsutvikling. Gjennom presise mål og strategiar kan samfunnsdelen bli eit godt styringsdokument. Den bør koplast til handlingsplanen slik at mål og strategiar konkretiserast ytterlegare i tiltak og bevilgingar i budsjett.
2. Arealdelen viser kva område som kan byggast ut, til kva for formål, og kva område som ikkje kan byggast ut. Den inneheld bestemmelsar om kva føresetnader og prinsipp som skal leggst til grunn for den meir detaljerte reguleringsplanlegginga.

Spørsmål om rullering av samfunns- og arealdelen skal drøftast gjennom kommunal planstrategi. Figuren over viser overgangen frå planstrategi til planprogram. Kravet til planprogram er heimla i plan- og bygningslova § 4-1 og kan etter § 10-1 slåast saman med planstrategien.

5 Utviklingstrekk og utfordringar i Surnadal kommune

Statistikken under er henta frå offentlege kjelder (SSB og Møre og Romsdal fylkeskommune). Den gir ein peikepinn på utviklinga i Surnadal kommune. Gjennom enkelte nøkkeldata kan ein sjå utfordringar kommunen står ovafor i åra som kjem.

Folketallsutvikling

Dei siste 10 åra har talet på innbyggjarar gått ned med 29 pesonar og har stabilisert seg i underkant av 6 000 innbyggjarar.

	Hovudalternativet (MMMM)				
	2020	2025	2030	2035	2040
0-19 år	1 274	1 276	1 279	1 319	1 325
20-64 år	3 264	3 207	3 176	3 099	3 064
65 +	1 382	1 547	1 663	1 825	1908
Totalt	5 920	6 030	6 118	6 243	6 297

Tabellen ovanfor er ei befolkningsframskriving utarbeidd av SSB etter hovudalternativet (MMMM).

Tabellen viser den forventa forskyvinga mellom årsklassane. Oppgangen i totalt innbyggjartal i prosent frå 2020 til 2040 er ca. 6 %, mens det er ein auke på ca. 37 % i aldersgruppa 65 år eller eldre i same periode. Det er naturlegvis ein del usikkerheit rundt desse tala, men utviklingstrenden er likevel klar. Det blir færre i arbeid som skal forsørge fleire utanfor arbeidslivet. Dette gir igjen lågare inntekter. Ei generell utfordring blir derfor å ta ned kostnadane med tenesteproduksjonen samtidig med at



inntektene går ned. I tillegg må vi vri fordelinga i budsjettet frå dei som blir færre til dei som blir fleire. Endringane tabellen ovanfor viser bør det takast omsyn til i politiske og administrative avvegingar framover.

Kommunestatistikk elles kan hentast via [kommunefakta i SSB](#) og via [Møre og Romsdal fylkeskommune si heimeside](#)

Folkehelse

Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar skal etter § 6 i folkehelselova inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi. Ei drøfting av kommunens folkehelseutfordringar bør inngå i strategien, jf. plan- og bygningsloven § 10-1.

Folkehelseinstituttet har utarbeidd [folkehelseprofilen for Surnadal kommune 2020](#).

I samband med folkehelseprofilane for året er det utarbeidd tre nye indikatorar som berører sosial bærekraft.

- trygt nærmiljø
- bra kollektivtilbod
- anmeldte voldstilfelle

I tillegg er det utarbeidd ein ny indikator på miljø:

- luftkvalitet; konsentrasjonen av fint svevestøv

Fire mål er viktige i planlegging av sosialt berekraftige lokalsamfunn: at innbyggjarane har god tillit til samfunnet og kvarandre, har tilgang til arbeid, utdanning og gode nærmiljø, at dei føler at dei høyrer til, og at dei kjenner seg trygge. Å føle at ein høyrer til, handlar om å vere knytt til menneske eller stader. Mange kommunar jobbar med tilknytning og fellesskap innanfor ulike sektorar; til dømes gjennom utvikling av gode oppvekst- og bumiljø, næringsutvikling, levande sentrum, fleirbruk av kommunale bygg og tilbod for innbyggjarar i og utanfor arbeidslivet.

Andelen ungdomsskuleelevar som opplever at det er trygt å ferdast i nærområdet på kveldstid (Ungdata 2017-2019), er høgare enn for landet og Møre og Romsdal. Valdeltakinga ved kommunestyrevalet i 2019 låg på same nivå som elles i landet. I Surnadal ligg vi godt under gjennomsnittet for landet når det gjeld trangbuddheit i bustader. Vi har få låginntektsfamiliar og få meldte valdstilfelle. Også når det gjeld luftkvalitet og førekomsten av fint svevestøv ligg vi langt betre an enn landet elles.

I folkehelseprofilen 2020 er det to forhold som skil seg negativt ut for kommunen samanlikna med Møre og Romsdal og landet totalt. Dette gjeld god drikkevassforsyning og kollektivtilbodet. Drikkevassforsyninga gjeld hygiene og leveringsstabilitet. Hygiene-resultata våre er gode og det same er leveringsstabiliteten. Slik vi ser det er det her snakk om systematisk feilrapportering over år. Det er elles planlagt å sette i gang rullering av vassplanen i år, og da vil tiltak for å sikre forsyningssikkerheita vere eit tema.



Surnadal kommune vil ferdigstille folkehelseoversikta for 2020 – 2023 når Ungdata- undersøkinga ligg føre i løpet av våren.

Utfordringar

I samband med politkaropplæringa 22.10.19 for kommunestyret med fleire vart det gjennomført eit gruppearbeid der politkarane skulle sjå på kva dei meinte var dei største utfordringane i dei neste åra. Resultatet frå gruppearbeidet er oppsummert i denne tabellen:

Tema/utfordring	Kvifor er dette ei aktuell utfordring?
1. Låge fødselskull	Kan skape vanskar for framtidig rekruttering til arbeidslivet og stabile og gode oppvekstvilkår.
2. Auke i talet på eldre	Dei eldre er ein stor ressurs, men det vil også sette store krav til helse- og omsorgstilbodet.
3. Sentralisering og utflytting	Tap av arbeidsplassar og svekka tenestetilbod. Ungdomen flyttar ut av kommunen.
4. Klima og naturmangfald, FN' berekraftsmål	Kommune og næringsliv må tilpasse seg null-utsleppssamfunnet. Kommunestyret vedtok i januar 2020 at kommunen skulle bli ein berekraftskommune.
5. Næringsliv i omstilling – tilgang på allsidige arbeidsplassar	Arbeidsplassar med ulike krav til kompetanse er viktig for å skape attraktive lokalsamfunn. Vidaregåande opplæring i nærmiljøet er viktig.
6. Stram kommuneøkonomi	Tenestetilbodet under stadig press.

6 Kommunal planstrategi

Nedanfor følger ei oversikt over eksisterande kommunale planar med status og forslag til rullering i perioden 2020 – 2023. Kommunedelplanar skal følge plan- og bygningslova sine retningslinjer for planprosessen.

Samfunnssikkerheit og beredskap

For å sikre framtidig samfunnstryggleik og krav til kommunal beredskapsplikt er det viktig at kommunen gjennom sitt risiko- og sårbarheitsarbeid (ROS) greier å kartlegge kommunen sine utfordringar med omsyn til ulike formar for risiko, sårbarheit og beredskap. Denne planen skal rullerast i kvar valperiode. Det blir spesielt viktig å sjå på om eksisterande plan dekker godt nok utfordringar knytt til berekraft og klima.

I «Statlege planretningslinene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing» står det at i kommunale planstrategiar skal det gjerast ei vurdering av om omsynet til eit endra klima førar med seg eit behov for nye planar, eller oppheving eller revisjon av gjeldande planar. Det er ikkje vurdert som nødvendig å lage nye planar i denne planperioden. Men for betre å forankra klimaarbeidet i heile



organisasjonen, vil klima bli behandla på overordna nivå i samfunnsdelen i staden for i ei eiga klimaplan.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen blei vedteken i 2014. Planen er bygd opp rundt seks satsingsområde og seks gjennomgåande tema. Dei seks satsingsområda er: befolkningsutvikling og kompetanse, barn og unge sine oppvekstvilkår, næringsutvikling, folkehelse og levekår, kultur-omdømme-identitet og tettstads- og arealutvikling. Til kvart satsingsområde er det formulert eitt hovudmål og strategiar for å nå dette målet.

Dei seks satsingsområda er fortsatt svært aktuelle for kommunen. Innafor alle område er det gjort mykje for å nå måla, men dette er tema som krev kontinuerleg oppfølging for å sikre å sikre eit samfunn som det er godt å bu og arbeide i.

Planen har vidare seks gjennomgåande perspektiv: barn og unge, universell utforming, folkehelse, likestilling og inkludering, samfunnssikkerheit og beredskap og miljø og klima. Desse temaa bør alle ha kjennskap til, og dei bør ligge til grunn for all planlegging i kommunen.

Det har vore arbeidd godt med dei seks gjennomgåande temaane i planperioden, slik at dette er tema det no er stor kjennskap til.

Samfunnsdelen vil bli rullert i år som del av det interkommunale plansamarbeidet og forslag til planprogram inngår som del av dette dokumentet.

FNs berekraftmål skal fungere retningsgivande for land, næringsliv og sivilsamfunn. Mål 14: Liv under vatn og mål 15 : Liv på land er nært knytt opp til arealbruk og naturmangfald. Arealendringar som nedbygging og oppdeling av leveområde, samt intensivering i landbruket, påverkar artsmangfaldet negativt. Andre trugsmål er klimaendringar, framande artar, overhausting og forureining. Også i Møre og Romsdal er det naturtypar og artar truga som står i fare for å forsvinne. Kommunen vil legge vekt på å prioritere verdien av artsmangfald og fungerande økosystem.

Klimaendringane trugar vårt eksistensgrunnlag slik vi kjenner det, og er ei av dei største utfordringane vi står ovanfor i vår tid. Klima må bli ein integrert del av arbeidet til kommunen. Dette bør og gjeld klimatilpassing. Klimabudsjett og klimarekneskap blir viktig i denne samanheng.

Viktige nasjonale føringar for utarbeidinga av samfunnsdelen vil vere [Nasjonal transportplan](#), [statlig planretningslinje for samordna bolig, - areal og transportplanlegging](#), [statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#).

Overordna emne som miljø- og klima, folkehelse, likestilling m.m. skal behandlast på overordna nivå i kommuneplanen sin samfunnsdel, framfor i eigne temaplanar. Dei andre kommunale planane er lista opp i tabellen nedanfor. Ei utvida vurdering er også gjort der det er tenleg.

Kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande arealdel vart vedteke i 2017. Behovet for areal er i arealplanen vurdert ut i frå temaa boligar, samferdsel, friluftsliv, hytter og næring. Av næringsareal har kommunen 36 mål ferdig oppfylt areal og forslag om ca. 27 mål i reguleringsplanen for Røtet som no er ute på høyring. Når det gjeld



fritidsboligar har vi store tomtereservar. I gjeldande arealdel skal det også vere tilstrekkeleg med boligereservar, sjølv om det kunne vore vurdert å utvide tilgjengeleg areal og ta ut areal som er mindre aktuelt.

Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp, hindre tap av natur og sikre naturmangfald. Ein overordna arealstrategi i kommuneplanens samfunnsdel kan gjere arealplanane betre tilpassa samfunnets behov og utfordringar. Kommuneplanens arealdel er frå 2017. Ein best mogleg oppdatert arealdel vil legge langsiktige føringar og vil vere føreseieleg for befolkninga i kommunen. For natur- og miljøverninteressene er tydelege mål og arealavklaringar viktig for at verdiane skal bli forvalta på ein god måte, både i notid og i eit langsiktig perspektiv.

Ut i frå ei samla vurdering skal det ikkje vere behov for å rullere gjeldande plan i inneverande periode. Ein lettare revidering kunne vore ønskeleg med omsyn til enkelte bestemmelsar, men da må det vere ein føresetnad at dette kan gjerast utan stor ressursbruk.

Tema og sektorplanar

Overordna emne som miljø- og klima, folkehelse, likestilling m.m. skal behandlast på overordna nivå i kommuneplanen sin samfunnsdel, framfor i eigne temaplanar. Dei kommunale planane er lista opp i tabellen nedanfor. Ei utvida vurdering er også gjort der det er tenleg.

Næringsplan

Næringsplan for Surnadal kommune 2011-2015 vart vedteken i 2011, med ein lettare revisjon for 2016-2020. Det skal utarbeidast ein heilt ny næringsplan i løpet av 2020 som er gjeldande frå 2021. Det skal vidare lagast årleg handlingsplan som del av økonomiplanen. Det er planar om å utarbeide ein felles overordna næringsplan for Surnadal og Sunndal.

Kulturplan

Gjeldande kulturplan vart vedteke i 2017 og gjeld ut 2020. Planen omfattar heile kulturfeltet. Den strategiske delen heng saman med kommuneplanen sin samfunnsdel, medan handlingsdelen på sin side blir teke inn i budsjett og økonomiplan i perioden. Ein ser for seg ei rullering av tiltaksdelen i løpet av 2021, og i samband med dette vil det bli teke inn ei sjekkliste for ung kunst og kultur.

Plan for idrett og friluftsliv

Dette er eit plankrav Kulturdepartementet sett til kommunane for å kunne søkje om spelemidlar. Godkjent plan må leggjast ved spelemiddelsøknadane. Planen skal reviderast om lag kvart 5 år og kommunen skal kvart år lage ei prioriteringsliste over innkomne spelemiddelsøknadar som skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune. Prioriteringslistar satt opp etter departementets forskrifter. Gjeldande plan vart vedtatt i 2018 for perioden 2018 – 2021. Alle prioriteringslister i planen er revidert kvart år, siste i formannskapet i desember 2019.

Oppvekst

Gjennom arbeidet med prosjektet «Saman skapar vi framtida – region Nordmøre 2040» har Surnadal kommune skapt eit felles framtidsbilete. Kommunen samarbeider saman med dei sju andre kommunane på Nordmøre gjennom Nettverk Nordmøre, om å vidareutvikle og forbetre oppvekstsektoren. Gjennom prosessar med partssamarbeid og samskaping har ein prøvd å skape



involvering, eigarskap og kompetansemobilisering for dei endringane som er nødvendige, dersom barna våre skal utvikle ny kompetanse som er naudsynt for framtida.

Samtidig med arbeidet på Nordmøre og i Surnadal har ein nasjonalt fått ny rammeplan for barnehagane og ny læreplan for grunnskulen er under utarbeiding. Desse nasjonale føringane vil, saman med globale endringar og lokale behov, vere ei ramme for prioriteringar og retningsval for sektoren sine planar. Oppvekstplanen blir rullert i 2020.

Omsorgsplan

Surnadal kommune er i gang med å utarbeide ein omsorgsplan, som vil bli lagt fram for endeleg vedtak i 2020. Plan for psykisk helse og rus vil inngå som del av omsorgsplanen.

Trafikksikringsplanen

Gjeldande plan vart vedteke i 2019, og det er ikkje sett på som nødvendig å rullere planen i inneverande periode. Slik den økonomiske situasjonen er i kommunen og fylkeskommunen vil det ta tid å få gjennomført prioriterte prosjekt.



PLAN	Vedtak	Merknader og forslag 2020 - 2023
Overordna planar		
Kommuneplanen sin samfunnsdel,	2014	Vedtak september 2020 - kommunedelplan
Kommuneplanen sin arealdel,	2017	Rullering ikkje nødvendig - kommunedelplan
Økonomiplan og budsjett	Årleg	Årleg
Risiko- og sårbarheitsanalyse	2015	Under rullering, årleg adm. rullering
Overordna beredskapsplan	2015	Under rullering, årleg adm. rullering
Sektor- og temaplanar		
Næringsplan	2016	Rullerast i 2020
Forvaltningsplan for hjortevilt	2020	Rullert i 2020
Energi- og klimaplan	2009	Inn i samfunnsdelen.
Kulturplan	2017	Lettare revidering av tiltaksdelen i 2021
Kulturminneplan	Ny	Er igangsatt og skal vedtakast i 2020.
Oppvekstplan–kultur for danning	2012	Rullering i 2020.
Omsorgsplan – legge liv til åra	2011	Er igangsatt og skal vedtakast i 2020.
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2016	Skal vedtakast i 2020
Plan for helsemessig og sosial beredskap	2012	Blir rullert i 2020.
Smittevernplan	2020	Rullert februar 2020.
Reguleringsplan for sentrum	Ny	Planlagt gjennomført 2021.
Trafikksikkerheitsplan	2019	Rullering ikkje nødvendig.
Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø	1990	Arbeid vil bli igangsatt i 2020
Plan for kommunale vegar	2020	Var oppe til behandling i MAT i feb. 2020
Strategisk IKT-plan ORKidé	2017	Felles med ORKidé
Personalplan	2019	Gjeld til juni 2023.
Interkommunal plan for sjøområda	2018	Rullering ikkje nødvendig.
Plan for idrett og friluftsliv	2018	Rullering i 2022.
Boligpolitisk handlingsplan	2016	Rullerast i 2020.



7 Planprogram for kommunen sin samfunnsdel

7.1 Tema og utgreiingsbehov

Utfordringane tidlegare omtala er sentrale i samfunnsdelen.

1. Med låge fødselskull både her i kommunen og i resten av landet vil det bli utfordrande å sikre nok arbeidskraft og kompetanse for kommune og næringsliv.
2. Kommunen skal levere gode tenester samtidig som den økonomiske situasjonen er svært stram.
3. Det blir viktig å gjere seg nytte av den ressursen dei eldre utgjer, men også sørge for å ivareta dei behova som dukkar opp med ein sterk vekst i talet på eldre.
4. Miljøverntiltak og konsekvensane av klimaendringar vil påvirke prioriteringar og ressursbruk i aukande grad i åra framover. FN's berekraftsmål bli viktige for å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling.
5. Aukande sosiale skille utfordrar kommunane.
6. Barn- og unge sine ønske og behov må følgjast opp på ein god måte.

Desse utfordringane inngår i dei tre berekraftdimensjonane: økonomi, sosial og miljø. Som berekraftskommune vil vi gjennom arbeidet med samfunnsdelen finne fram til korleis vi som kommune og lokalsamfunn kan arbeide opp i mot dei berekraftsmåla der vi kan vere med å gjere ein truverdig innsats. Det vil derfor bli ei viktig oppgåve å plukke ut dei berekraftsmål som vi meiner skal prioriterast og som skal ligge til grunn for det kommunale planarbeidet.



7.2 Planprosessen med fristar og deltakarar

Planprosessen

For at det nyvalde kommunestyret frå 2019 skal kunne gjennomføre sin politikk, må kommunestyret fatte vedtak om ny samfunnsdel før handlingsprogram og budsjett for 2021 blir vedteke.

Planstrategi og planprogram for samfunnsdelen skal vedtakast i kommunestyret 14. mai. Administrasjonen arbeider parallelt med planforslaget, som skal leggjast ut på høyring 18. juni. Under arbeidet med årsmelding og rekneskap for 2019 kan hovudutvala og andre kommunestyrerepresentantar og tillitsvalde gi innspel til kommuneplanens samfunnsdel.

Planforslaget blir fremma for formannskapet 02.06 og kommunestyret 18/6. Planforslaget blir deretter lagt ut til offentlig ettersyn. Kommunestyret skal fatte endeleg vedtak om ny samfunnsdel i september 2020.

Arbeidet med å gjennomføre planprosessen vil bli leda av kommunedirektøren si leiargruppe og koordinerast av plansjefen. Tilsette i administrasjonen vil bidra på sine område som folkehelse, miljø og klima, næring, skule og barnehage, pleie og omsorg. Plansamarbeid på Nordmøre med sine



ressursar vil vere ein god bidragsytar under heile arbeidet. Revideringa av kommuneplanen sin samfunnsdel skal behandlast og forankrast i formannskapet og vedtakast av kommunestyret.

Framdriftsplan

Aktivitet	Tidsperiode
Forslag planstrategi og planprogram med vedtak offentlig ettersyn	10. mars
Høyringsperiode 6 veker	Mars –april 2020
Bearbeide høyringsinnspel og merknader planstrategi og planprogram	April-mai 2020
Vedtak planstrategi og planprogram	Mai 2020
Vedtak forslag kommuneplanen sin samfunnsdel	Juni 2020
Høyring samfunnsdelen	Juni – august 2020
Bearbeiding innspel og merknader samfunnsdelen	August – september 2020
Vedtak samfunnsdelen	September 2020

7.3 Medverknad

Kommunedirektøren utarbeider forslag til planprogram som blir behandla av kommunestyret og lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker. Samtidig skal det varslast om planoppstart for kommuneplanen sin samfunnsdel. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret etter høyring.

Eit sentralt element i offentlig planlegging er gode informasjons- og medverknadsprosessar. Kommuneplanens samfunnsdel vil ikkje medføre direkte konsekvensar for enkeltpersonar eller grupper. Medverknad er slik ivareteke gjennom kommunestyrepolitikaranes representativitet, i tillegg til at andre valte representantar i råd og utval kan kome med sine innspel. Gjennom kommunen sine heimesider og sosiale media vil og innbyggjarane direkte kunne kome med sine innspel. Her er særleg ungdomsrådet tiltenkt en viktig rolle for å ivareta de som ikkje har stemmerett og slik er representert i kommunestyret direkte.

NAV skal ha eit særleg fokus på utsette barn, unge og deira familiar, og sosialtenestelova skal bidra til at desse gruppene får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod Kommunen i NAV har vidare plikt til å medverke til at sosiale omsyn blir tatt i lokal planlegging. Det er derfor viktig og nødvendig at NAV Surnadal vert inkludert i aktuelle fora slik at kunnskapen blir tatt inn i kommunen sitt planarbeid (sosialtenestelova §§12,13)

Utarbeidinga av planforslaget skjer i dialog med regionale myndigheiter og nabokommunane. Alle dokument i saka skal publiserast på kommunens nettsider. Kommunestyrets planforslag blir lagt ut til offentlig ettersyn slik at alle kan gjere seg kjent med innhaldet og kome til orde før planvedtak i september.



8 Vedlegg

Staten har gjennom Kongeleg resolusjon 14.mai 2019 vedteke «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023». Dette dokumentet inngår i det rullerande plansystemet og er heimla i plan- og bygningslova § 6-1. [Dei nasjonale forventningane](#) skal følges opp i kommunens arbeid med planstrategiar og planar.

Regional planstrategi og fylkesplanen

Regional planstrategi skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsiktige utviklingsmulegheiter og ta stilling til langsiktige utviklingsmål og kva for spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Regional planstrategi blir utarbeidd parallelt med dei lokale planstrategiane og skal forhåpentleg sikre gode samanhengar. Også den regionale planstrategien må ta omsyn til dei nasjonale forventningane.

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styringsmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og vedtaksgrunnlag. Planen skal også medverke til godt samarbeid og samhandling i fylket.

Plandokumenta er å finne på [fylkeskommunen sine heimesider](#).

For ein nærare gjennomgang av Fylkesmannens rolle og ansvarsoppgåver knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid blir det vist til [Fylkesmannen sitt forventningsbrev 2020 til kommunane i Møre og Romsdal](#) Gjennom eigne kapittel blir søkelyset her retta mot *Utfordringsbilde*, *Overordna prioriteringar*, *Forventningar til kommunane* og *Grunnlag for vidare dialog og samarbeid*. Dokumentet gir viktige rammer og føringar for kommunens vidare planarbeid.

Regionale delplanar

Oversikt over regionale delplanar:

<https://mrfylke.no/om-oss/planar-strategiar-og-rapportar/regionale-delplanar>

Referansar

FN-sambandet. FNs berekraftmål. Henta frå <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>



Giskeødegård, Marte Fanneløb, Lovise Kvalsund Otterlei, Kristina Kjersem, Gabriele Hofinger Jünge (2017). Globale trender, regionale kompetansebehov og en metode for forpliktende regionalt kompetansesamarbeid. Møreforskning Ålesund AS.

Mind the Gap AS (2016). Nordmøre 2035: Fremtidsanalyse for Nordmøre.

Møre og Romsdal fylkeskommune (2019). Fylkesstatistikk 2019 Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal fylkeskommune. Kommunestatistikk. Henta frå <https://mrfylke.no/for-deg-somjobbar-i-kommune/statistikk-analyse-og-kart/kommunestatistikk>

Møre og Romsdal fylkeskommune (2019). Folkehelsa i Møre og Romsdal 2019.

Møre og Romsdal fylkeskommune (2019). Utfordringar og moglegheiter for Møre og Romsdal mot 2030.

Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-09-28-1469>